



Utviklingscenter for  
sykehjem og hjemmetjenester  
Hordaland

## Samarbeidsavtale 2019 for deltakarkommunar i Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi

Austrheim kommune

Fedje kommune

Gulen kommune

Lindås kommune

Masfjorden kommune

Meland kommune

Modalen kommune

Osterøy kommune

Radøy kommune

Vaksdal kommune

Austevoll kommune

Os kommune

Granvin kommune

Fusa kommune

Voss kommune

Ulvik kommune

Samnanger kommune

Vedtatt ..... 12.3.2019 .....

## 1. Bakgrunn for avtalen

Denne samarbeidsavtalen regulerar det interkommunale samarbeidet mellom kommunane som er med i «Vestlandsprosjektet» i Nasjonalt velferdsteknologiprogram

Deltaking i prosjektet er beslutta av styringsgruppa og føreset at det er politisk og administrativt forankra.

## 2. Avtalens formål

Avtalen regulerer ansvaret som ligg hjå alle kommunane som deltek i Vestlandsprosjektet, samt ansvaret til ansvarleg kommune.

## 3. Varigheit

Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet har varigheit frå 2017 til prosjektslutt 31.12.2020.

Nordhordlandsprosjektet starta opp i 2017, og er vidareført i Vestlandsprosjektet frå 2019.

## 4. Målsetjinga til prosjektet

Deltakande kommunar ynskjer å samarbeida i felles prosjekt kring utvikling av gode tenester og kompetansebygging i møte med ny teknologi og morgondagens omsorg.

### Hovudmålet til prosjektet ;

*«I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i kommunane. Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.»*

### Tiltak ila. prosjektperioden:

- Forankring i alle ledd og kommunikasjon til relevante partar i alle kommunar
- Opplæring og kompetanseheving tilpassa kommunane sitt behov
- 0- punktkartlegging, behovskartlegging og gevinstplanlegging i kvar av kommunane
- Innføring av teknologi i kommunane tilpassast kvar kommune sine behov, mål og situasjon
- Tett involvering av brukarar, pårørande og tilsette gjennom heile prosjektet
- Gjennomføre tenestedesign og prosesstilpassingar for å ta ut gevinstar av prosjektet
- Alle kommunane skal i løpet av prosjektperioden skaffa velferdsteknologiske løysingar i tenestene sine.

## **5. Organisering av tilsette og ansvarleg kommune sitt ansvar**

### Organisasjonsstruktur Vestlandsprosjektet

**Prosjekteigar:** rådmannsutvalet + rådmenn i dei nye kommunane

**Prosjektansvarleg:** Rådmannen i Masfjorden kommune (ansvarleg kommune)

### **Administrativ styringsgruppe**

#### 14 deltakarar:

- 1 frå kommunane Austrheim, Austevoll, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Ulvik, Vaksdal og Samnanger.
- 1 frå kommunane som skal slå seg saman i 2020: Alver, Bjørnafjorden og Voss
- 1 brukarrepresentant

**Prosjektleder:** Kari Eidnes Bjørkheim

**Prosjektgruppa:** blir leia av prosjektleiar, og vil ha representantar frå 6 kommunar, brukarorganisasjonar, HTV, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, prosjektmedarbeidarane

**Ressursgrupper:** blir sett saman av 2 personar frå alle kommunane, i samarbeid med Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland

**Referansegruppe:** Tverrfagleg samansett, brukarorganisasjonar og med geografisk spreiding

**Tilsette:** 2 årsverk som består av prosjektleiar i 100% og 2 prosjektmedarbeidarstillingar à 50%, som finansierast gjennom Helsedirektoratet via Fylkesmannen.

Masfjorden er ansvarlege kommune ovanfor Helsedirektoratet/Fylkesmannen og KS.

Tal årsverk til prosjektet vil bli justert i forhold til tildeling av nye midlar frå Helsedirektoratet. (Sjå elles under kostnadsfordeling). Styringsgruppa vil fastsette nytt budsjett for prosjektet når rammene for kvart år er tildelt.

## 6. Krav til alle kommunar i prosjektet

For at formålet med prosjektet skal kunne oppnåast samtidig med at kvar enkelt kommune får full effekt av prosjektet, stillast følgjande krav til kommunane:

- Nødvendig fristilling av tid til personar i kvar enkelt kommune i tilstrekkeleg grad for å sikra framdrift og måloppnåinga i prosjektet
- Kvar kommune skal identifisera ein prosjektansvarleg for framdrift i eigen kommune.
- Kvar kommune skal identifisera ein person i prosjektet si lokale arbeidsgruppe med mandat til å ta avgjersler og oppgåver på vegne av kommunen.
- Kommune må følge avgjersler og føringar i prosjektet si prosjektgruppe, prosjektleiar og nasjonale aktørar. Eventuelle avvik skal løftast til styringsgruppa.


## 7. Kostnadsfordeling

Dersom prosjektet sine kostnader overskrider tildelingane, skal kostnadane bli fordelt på kommunane etter fordelingsnøkkel 1/3 del fast og 2/3 etter folketal. Dette gjeld i hovudsak prosjektleiing og administrasjon. Ein vil oppfordre kommunane som deltek om å søkje kompetanse- og innovasjonstilskot, skjønnsmidlar som eventuelt kan nyttast. Styringsgruppa har og moglegheit til å vurdere endring i prosjektadministrasjonen slik at ein kan redusere utgifter.

Finansiering ved Helsedirektoratet og Fylkesmannen er berre garantert for eitt år av gongen, men med tydeleg varigheit på at det nasjonale velferdsteknologiprogrammet er ut 2020. Dersom denne finansieringa fell vekk før prosjektet er avslutta, skal styringsgruppa behandle spørsmålet om vidare deltaking eller avslutting av prosjektet. Endeleg avgjersle fattast i den einskilde kommune.

### Frå søknaden gjeld følgande avgjersle

- Prosjektbudsjettet tek opp i seg utgifter kun til å gjennomføra prosjektet jf. søknad
- Investeringsmidlar og innkjøp av teknologiske løysningar må kvar kommune dekke sjølv.
- Kommunane i prosjektet må i fellesskap yte eigenandel tilsvarande tilskot, f. eks frikjøp av personell og utgifter til kompetansehevingstiltak



Sign. for Meland kommune

Sign. prosjektleiar

*Kar Edvard Bjørkelund* 01.09.2019

